



**LINDÅS KOMMUNE**

## **Kompetanseplan 2014 – 2020, barnehagane i Lindås**

**Mål:** Sikre eit godt utviklingsmiljø for barn og vaksne i barnehagen.

Sentrale dokument som er førande for denne planen er:

- Lov om barnehage.
- Rammeplan for barnehage.
- Meld.st.24 (2012-2013) Framtidens barnehage.
- Strategi for kompetanse for framtidens barnehage – Strategi for kompetanse og rekruttering 2014-2020.

I skriv frå fylkesmannen til kommunane datert 26.02.2014 står det, sitat: Dei tematiske satsingsområda som skal vere førande for arbeidet med kompetanseutvikling i åra framover er:

- Pedagogisk leing – barnehagen som lærande organisasjon.
- Danning og kulturelt mangfald.
- Eit godt språkmiljø for alle.
- Barn med særskilte behov.

Gjennom god pedagogisk leing skal barnehagane i Lindås jobbe målretta med:

- Danning og kulturelt mangfald.
- Eit godt språkmiljø for alle.
- Barn med særskilte behov.

Den enkelte barnehage må kartleggje kva kompetanse som allereie finst i deira organisasjon, og kva dei treng av ny kompetanse / «påfyll».

<b>1.Barnehagen som lærande organisasjon.</b>	<b>2. Eit godt språkmiljø for alle barn.</b>	<b>3. Danning og kulturelt mangfald.</b>	<b>4.Barn med særskilde behov.</b>	<b>Arbeidsmetodar på dei ulike områda.</b>
<p>Forsking viser at dei tilsette sin kompetanse er den viktigaste enkeltfaktoren for at barn skal trivast og utvikle seg i barnehagen.</p> <p>På bakgrunn av dette ønskjer styrarane i Lindås i denne planen å ha fokus på heile personalgruppa sin kompetanse.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Styrar</li> <li>• Pedleiar</li> <li>• Alle tilsette</li> </ul>	<p>Eit godt språkmiljø betyr at det finst og vert gjeve rom for mange former for kommunikasjon gjennom fysiske, estetiske og verbale uttrykk. Arbeid med eit godt språkmiljø inngår i alle delar av rammeplanen sitt innhald og oppgaver, og inkluderer alle barn uavhengig av språkleg bakgrunn.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <u>Alle</u> barna, betyr <u>alle</u> barna i barnehagen!</li> </ul>	<p>Danning er ein livslang prosess som mellom anna handlar om å utvikle evne til å reflektere over eigne handlingar og veremåtar. Danning i barnehagen skal forankrast i verdiane i formålet.</p> <p>Gjennom danning legg ein grunnlaget for allsidig utvikling.</p>	<p>Personalet har ansvar for at alle barn, uavhengig av funksjonsnivå, alder, kjønn og familiebakgrunn, får oppleve at dei sjøve og alle andre i gruppa er viktige personar for fellesskalpen.</p> <p>Barnehagen er særleg ansvarleg for å førebyggje vanskar og oppdage barn med særskilde behov. For desse barna kan det vere aktuelt å gje eit spesielt tilrettelagt tilbod.</p>	<p><b>1.</b> Fokus på leiing for styrarar.</p> <p>Kursrekke i leiing for pedagogiske leiarar.</p> <p>Barnehagen kartlegg kva kompetanse dei til ei kvar tid har trong for.</p> <p><b>2.</b> Kurs i barns generelle språkutvikling.</p> <p>Språkgrupper i barnehagen.</p> <p>Minoritetsspråklege barn.</p> <p>TRAS.</p>

				<p><b>3.</b> Leggje til rette for at alle barn har ein venn i barnehagen.</p> <p>DUÅ.</p> <p><b>4.</b> Integrere</p> <p><b>Metodar for alt arbeid i barnehagen:</b> Fokus på vaksenrolla. Observasjon. Praksisforteljing. Dokumentasjon. Vurdere. Evaluere.</p>
--	--	--	--	---

--	--	--	--	--